


Alle foto: Even Øverbø

INFORMASJONSSKRIV

FRÅ LANDBRUKSKONTORET ØRSTA VOLDA



Nr. ekstrautgåve

Årgang 29

Postadresse: Ørsta kommune, Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Besøksadresse: 3. etg i den "gamle" delen av Rådhuset

e-postadresse: postmottak@orsta.kommune.no

Infoskrivet vert sendt i e-post til alle som til ei kvar tid er registrert som søkjarar av produksjonstilskot, aktive skogbrukarar, og fleire andre som er knytt til næringa. Dei vi ikkje har e-postadressa til får skrivet som B-post. Send oss e-postadressa di så får du skrivet på e-post neste gong (og vi sparer porto)!
Skrivet ligg og på heimesidene til kommunane Ørsta og Volda.

Innhald:	Side
Velkomen	1
Viktig frist	2
SMIL 2020	2

Velkomen!

Kommunane Ørsta og Volda har administrativt vertskommunesamarbeid om felles landbrukskontor. Når no Hornindal og Volda vart samla til ein kommune frå nyttår av, skal Landbrukskontoret Ørsta Volda og yte service til dei som driv landbruk i Hornindal.




Vi har etablert ein tradisjon med å gi ut **Informasjonsskriv** to gonger kvart år. Utsendinga vert no utvida slik at brukarane i Hornindal og får dette tilsendt. Utsendinga skjer med e-post.

Føremålet med avtalen mellom kommunane er å skape eit sterkt landbruksfagleg miljø, eit framtidsretta næringskontor til beste for landbruket og samfunnet. Vidare er intensjonen at kontoret skal tilby betre tenester samla enn kva kommunane kan klare kvar for seg. Kontoret skal gje råd, rettleie og informere brukarane og publikum, delta i planprosessar, gje uttale, handsame og ta avgjerd i saker innanfor kontoret sitt ansvars- og arbeidsområde. Arbeidet omfattar lov- og regelverksforvaltning, tilskotsforvaltning, mv.

Kontoret er lokalisert på Ørsta rådhus, men vi vil ha kontortid på Smia kvar måndag. Det er Jan Endre som vil ha fast kontortid der. Utanom dette kan det gjerast avtale om møter, synfaringar, mv.

På Ørsta rådhus er vi samlokaliserte med tilsette hjå NLR Vest (rådgjevar jordbruk og HMS) og Landbruk Nordvest (velferdsordningane).

Nedanfor følgjer ein kort presentasjon av dei tilsette ved kontoret. Vi vert 6 tilsette, med tilsaman 4,8 årsverk. Oversikta er langt frå utfyllande når det gjeld arbeidsoppgåver, men fortel litt om kven vi er og kva vi styrer med. Arbeidsoppgåvene er ikkje heilt fordelt ennå, og dei kan difor verte endra:

	<p>Liv Bente Viddal Tlf 907 04 008 E-post: liv-bente.viddal@orsta.kommune.no</p> <p>Liv Bente er leiar for kontoret og for seksjonen kultur og landbruk i Ørsta. Ho handsamar m.a. jordlovsaker og har hjorteviltforvaltninga i Ørsta, og konsesjonsaker. Registrerer eigenfråsegner om konsesjonsfridom i matrikkelen.</p>
	<p>Dorota Wozna Tlf 907 23 453 E-post: dorota.wozna@orsta.kommune.no</p> <p>Dorota er sakshandsamar for tilskotsordningane for drenering, SMIL, produksjonstilskot Volda, sjukdomsavløyising, mv.</p>
	<p>Åshild Steinnes Tlf 907 04 501 E-post: ashild.steinnes@orsta.kommune.no</p> <p>Åshild er sakshandsamar for produksjonstilskot Ørsta, arkiv, landbruksregisteret, møtesekretær, plantevern, mv.</p>

	<p>Jan Endre Nesdal Tlf 915 56 963 (førebelts) E-post: jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no</p> <p>Jan Endre vil følgje opp eldre saker frå Hornindal no i starten. Han er sakshandsamar for produksjonstilskot og RMP Hornindal, UKL-ordninga (Hjørundfjord og Norangsdalen er eit av fleire Utvalde kulturlandskap), oppfølging av driveplikt i Volda, mv.</p>
	<p>Peder Magnussen Tlf 452 82 680 E-post: peder.magnussen@orsta.kommune.no</p> <p>Peder er skogansvarleg ved kontoret. I tillegg til alt innan skogbruk har han viltforvaltninga i Volda. Han har foreldrepermisjon i 50% frå desember 2019 og ut juni 2020.</p>
	<p>Børild Skåra Tlf 906 99 240 E-post: borild.skara@orsta.kommune.no</p> <p>Han er sakshandsamar for jordlovsaker i Volda, RMP, beitelaga, gardskart, Innovasjon Norge, nydyrking, driveplikt Ørsta, mjølkekvoter, mv.</p>

Etter at kommunegrensene no er endra så er kommunane Ørsta og Volda om lag jamstore når ein ser på landbruksnæringa. Totalt har vi om lag 340 aktive landbruksføretak som søker produksjonstilskot. Det vert henta mjølk 125 stader som vert produsert av 2.600 kyr og 1.300 geiter. I dei to kommunane er det 1.700 landbrukseigedomar. Totalt vil kontoret stå for forvaltninga av om lag 75 mill kr til næringa.

Viktig frist

Produksjonstilskot – etterregistrering av opplysningar. Fristen for etterregistrering er 10. januar. Fram til 10. januar kan ein etterregistrere:

- Avløysarutgifter som føretaket har hatt etter 15. oktober
- Dyr som er sankt frå utmarksbeite etter 15. oktober

Dei etterregistrerte opplysningane skal leggjast til dei tala du allereie har fylt ut i søknaden.

Etterregistrering av opplysningar skjer i same søknadsskjema som du fylte ut i oktober. Du loggar inn i den elektroniske søknaden frå **landbruksdirektoratet.no** under *Alle direktoratets digitale tjenester*



SMIL - søknadsfrist 01.02.2020

Søknadsfristen for SMIL-ordninga i Ørsta og Volda kommune har siste åra vore 1. februar. Vi prøver å halde denne fristen og i 2020. I samband med den nye kommunen vert det laga ny strategiplan for ordninga. Denne er no ute på høyring hjå faglaga.

Når ein no lagar ein ny strategiplan/retningslinjer for SMIL så vil det verte nokre endringa, men i hovudsak så vil ein kjenne seg godt att i høve til korleis det var tidlegare.

Her og er søknadsskjemaet elektronisk.

1. Gå inn på www.landbruksdirektoratet.no og vidare til blå firkant med «*Alle direktoratets digitale tjenester*», til venstre på sida. Klikk deg inn og velg blå boks med *Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), tilskudd* nedst på sida.
2. I neste bilete vel du «Start tjeneste». Du må vidare velje og bruke elektronisk ID for innlogging
3. Når du har logga deg inn skal du kome direkte til søknadsskjema i Altinn.
4. Lukke til 😊

Alle søknader vert vurdert i samråd med dei lokale faglaga i næringa.

Hugs å søkje fyrst! Tiltaka skal ikkje vere starta opp før søknaden er handsama.

Satsane for eigeninnsats er:

per time eigeninnsats	Kr 350,-
per time m/motorsag	Kr 400,-
per time m/traktor	Kr 550,-

Godt nytt år!